

*Moglegheiter for alle*

Gulen Høgre

# Valprogram

## 2023–2027

Gulen Høgre



## Kjære veljar,

Gulen treng eit skifte. Høgre går til val på å ta leiarskap, med trygg økonomisk styring, gode løysingar for innbyggjarar, bedrifter og lokalsamfunn, og stor grad av openheit og forsvarleg ressursbruk. Høgre har som mål å auke tilflytting og folketalet med 1000 personar innan 4 til 8 år. Vi skal vere ein JA-kommune som støttar opp om nye initiativ, utvikling og verdiskaping som vil gjere kommunen vår til ein attraktiv og god plass å bu. Høgre vil òg halde fram med å utvikle det gode samarbeidet med Masfjorden som nabokommune.

### **Høgre sin formålsparagraf:**

*“Høgre vil føre en konservativ fremskrittspolitikk, bygd på det kristne kulturgrunnlaget, rettsstaten og folkestyret, for å fremja personlig friedom og sosialt ansvar, medbestemmelse og eiendomsrett, og eit forpliktande nasjonalt og internasjonalt samarbeid.”*

# Innhald

## Helse og omsorg

Side 2

## Barnehage, skule og oppvekst

Side 3

## Samferdsle og infrastruktur

Side 4

## Næringsutvikling

Side 5

## Kultur, fritid, ungdom og frivilligheit

Side 6

## Busetnad, tilflytting og samfunnsutvikling

Side 7

## Administrasjon og samarbeid

Side 8

# 1 Helse og omsorg

## Gulen Høgre vil:

- Sikre at alle med pleie og omsorgsbehov får rett hjelp. Sjef over eige liv.
- Styrke førebyggjande arbeid innen rus, psykiatri og psykisk helse samt auka lavterskeltilbud.
- Ha auka satsing på førebyggjande heimebesøk.
- Utvikle helse og omsorg med velferdsteknologi i den heimebaserte omsorga og arrangere kurs i bruk av digitalt verktøy der det er behov.
- Sikre ein god kontakt med pårørnde i helse- og omsorgsarbeidet.
- Gjennomgå utfordringane kommunen står i, og arbeide for ein god personalpolitikk der trivsel, motivasjon og medverknad frå tilsette skal stå sterkt.
- Satse på tiltak som styrker folkehelsa.
- At Gulen kommune skal gje gode og trygge kommunale tenester for brukarane og dei tilsette.



## 2 Barnehage, skule og oppvekst

### Gulen Høgre vil:

- Ha nullvisjon mot mobbing.
- Prioritere rekruttering av faglærde pedagogar i skule og barnehage. For å få det til må vi gjere noko med attraktiviteten, som lønn, buforhold og gode kultur- og fritidstilbod.
- Dei fire skulane skal oppretthaldast.
- At næringslivet må få vise ungdommen jobbtilboda i kommunen.
- Arbeide for alternativt skuletilbud i ungdomsskolen. Praksis i skuleløpet er viktig for mange elevar.
- At elevane og skulen ikkje er til for å bevare eit lokalsamfunn - lokalsamfunnet skal være der for elevane.
- Jobbe for at kommune og næringslivet gir tilbod om gode og varierte lærlingplassar der ungdom får nytte utdanninga si.
- Ungdomen treng fleire møtearenaer. Ungdomskubbar vil hjelpe mykje for å kunne tilby ungdomen fleire varierte fritidstilbod.
- Meir bruk av fellesundervisning mellom elevane i ungdomsskulane, for å styrke samhaldet i undomsmiljøet.



# 3 Samferdsle og infrastruktur

## Gulen Høgre vil:

- Arbeide for at rassikring Brekke-Instefjord får prioritet.
- Prioritere arbeidet med at fylkesvegferga Leirvåg-Sløvåg får minimum halvtimes avganger i sambandet.
- Prioritere to ferjer mellom Sløvåg og Leirvåg.
- Kreve utbetring av vegen på strekninga Nordgulen-Eivindvik.
- Sørge for trygge vegar ved at Sløvåg-Rutledal, Takle-Leversund og Rutledal-Instefjord får punktutbetring og at vegvedlikehaldet skal ha god standard både på fylkesvegar og kommunale vegar.
- Sikre at hurtigbåtsambandet i og gjennom Gulen kommune minst skal bestå som i dag, med spesiell prioritet på veglause øyar og skuleruter.
- Arbeide for å få eit ungdomskort for yngre ungdomar for buss og båt, slik at ungdommen kan ta offentleg transport mellom dei ulike bygdene.
- Ha fritt skulevalg med tilrettelagt transporttilbod til utvalgte skular i nærleiken, slik at VGS-elevar kan ha moglegheit til å bu heime.
- Arbeide for betre mobildekning langs vegane i kommunen.
- Støtte Masfjordbrua og andre viktige infrastrukturtiltak som tener begge kommunane.



# 4 Næringsutvikling

## Gulen Høgre vil:

- Arbeide for at kommunal avgjerdsrett må styrkast og sterkt vektleggast i forhold til Statsforvaltaren.
- Arbeide for gode rammevilkår og vekst i lokalt næringsliv.
- At Gulen kommune snarleg må vurdere etablering av grøn energiproduksjon til eigne bygg.
- Eigarskapen i BKK gjennom aksjeeigarskap skal vurderast for eventuelt sal og nyttast til større felles investeringar i kommunen.
- Bruke kommunen sin andel av formueskatten aktivt i samband med tilrettelegging for næringslivet.
- Gjennomgå nivå på eigedomsskatten for næringsliv med mål om reduksjon.
- Redusere kommunen sin andel av formueskatt. Gulen kommune skal tilrettelegge for auka etablering i næringslivet.



# 5 Kultur, fritid, ungdom og frivilligheit

## Gulen Høgre vil:

- Satse på framtida og ta dei unge med i utforminga av lokalsamfunna våre. Ungdommen skal opp og fram.
- Jobbe for ungdomskoordinator i kommunen.
- Styrke ungdomsrådet.
- Bidra til at det skal vere enkelt å velje Gulen som kommune å bu i.
- Støtte frivilligheita og aktivt jobbe for kulturtilbod som gir innbyggerane i Gulen styrka samhald og gode opplevingar.



# 6 Busetnad, tilflytting og samfunnsutvikling

## Gulen Høgre vil:

- Vere positive til bygdeutvikling, innbyggjarane i heile kommunen skal kunne få høve til å utvikle sitt nærområde. Arealplan skal legge til rette for nytt tomteland og vekst i folketal.
- Jobbe aktivt for at Gulen kommune skal ha tomter å tilby til folk som vil etablere seg her. Dette skal skje fortrinnsvis ved å samarbeide med private initiativ.
- Halvere eigedomskatten på private bustader innan neste kommunestyreperiode.
- Få på plass ein samlande aktivitet i Gulen kommune med symje- og fleirbrukshall med breitt tilhøyrande tilbod av sosiale aktivitetar, møteplass for fleire aldersgrupper m.m.
- Arbeide for at vi får eit basseng med fleirbrukshall. Dette vil gjere Gulen meir attraktiv også for dei unge slik at dei vert buande eller kjem tilbake til eigen kommune.
- Halvere eigedomskatten på bustader i løpet av kommande kommunestyreperiode.





# 7 Kommunal administrasjon og næringspolitisk samarbeid

## Gulen Høgre vil:

- Ha eit aktivt og konstruktivt samarbeid mellom administrasjon, næringsliv og bygdelag for å kunne utvikle gode tilbod til Gulen sine innbyggjarar. Gulen Høgre vil etablere eit felles fokus rundt samfunnsutvikling.
- Gjennom godt samarbeid lage dei beste vilkår for gründerverksemd, næringsliv og vekst.
- Sørge for å bruke kommunale inntekter aktivt i arbeidet med å legge til rette for næringsaktivitet og folkevekst og også yte tilbake til innbyggerne.
- Være kritisk til eksisterande og nye vernekrav av areal som også gjeld distriktskommunane, herunder nasjonal vernepolitikk med 30% verna areal som mål.
- Sørge for å bruke kommunale inntekter aktivt i arbeidet med å legge til rette for næringsutvikling og folkevekst.
- Vurdere nivået på kommunal eigedomsskatt for å legge til rette for næringsaktivitet i kommunen.
- At grendamøter blir ein viktig arena for å få inntrykk og innspel på kva som rører seg i bygdene.





“Gulen skal vere ein attraktiv og god plass å bu, jobbe, vekse opp i og bli gamal i. Difor må vi tilrettelegge for auka tilflytting. Det gjer vi ved å utvikle heile kommunen og tilby betre tenester. Dersom eg blir ordførar, vil eg jobbe for ein god skule, trygg eldreomsorg, betre vegar, rassikring og fleire ferjeavganger. Om du er samd, bør du røyste Høgre!”

**Stein-Inge Larsen**  
Ordførarkandidat

## Hugs å røyste Høgre 2 gonger i år!

- Ein gong i kommunevalet og ein gong i fylkestingsvalet

“Fylkestingsvalet er òg eit viktig val. God infrastruktur er heilt essensielt for tilflytting til distrikta. Difor vil eg kjempe for raskare utbetring og rassikring av fylkesvegane våre. Eg vil òg kjempe for fritt skuleval for elevar som skal byrje på vidaregåande skule. Valfridom står sterkt i Høgre. Vi har trua på einskildmennesket framfor systemet, og det vil eg ha med meg i arbeidet på fylkestinget. Godt val!”

**Kristin Mjanger**  
12. kandidat for Høgre i Vestland



# Våre toppkandidatar



Ordførarkandidat

**Stein-Inge  
Larsen**

Byrknesøy



2. plass

**Øyvind  
Bøe**

Furnes



3. plass

**Irene Perly  
K. Wergeland**

Steine



4. plass

**Nina Lovise  
Braathen Kirca**

Skjerjehamn



5. plass

**Kjartan  
Øvstedal**

Eivindvik



6. plass

**Eva Susann  
Kløvtveit**

Oppdalsøyra



7. plass

**Bjørn  
Brekke**

Brekke



8. plass

**Kristin Kvamme  
Rasch**

Furnes



9. plass

**Frode  
Kversøy**

Mjømna



10. plass

**Bjørg Johanne  
H. Haugland**

Brekke



# Vallista 2023–2027

1. Stein Inge Larsen	1972	Byrknesøy
2. Øyvind Bøe	1976	Furnes
3. Irene Perly Kjølby Wergeland	1958	Steine
4. Nina Lovise Braathen Kirca	1968	Skjerjehamn
5. Kjartan Øvstedal	1970	Eivindvik
6. Eva Susann Kløvtveit	1972	Oppdalsøyra
7. Bjørn Brekke	1944	Brekke
8. Kristin Kvamme Rasch	1980	Furnes
9. Frode Kversøy	1983	Mjømna
10. Bjørg Johanne Haveland Haugland	1971	Brekke
11. Severin Slettebø Rokne	1987	Mjømna
12. Kristina Chalitova	1984	Dalsøyra
13. Oddgeir Willy Oppedal	1975	Eidsbotn
14. Mina Cathrin Dahl Andreassen	1988	Vatsvik
15. Asgeir Heimly	1956	Eivindvik
16. Natalie Daae Angeltvedt	2005	Halsvik
17. Nihat Kirca	1980	Skjerjehamn
18. Anne Mette Dahl Andreassen	1964	Vatsvik
19. Even Breidvik Rambjørg	1983	Hovden
20. Bjørn Ove Bremnes	1976	Byrknesøy
21. Leif Otto Halland	1961	Dalsøyra
22. Kjetil Hantveit	1977	Hantveit
23. Bård Johannessen	1970	Byrknesøy
24. Lars Rune Haugland	1968	Brekke
25. Jan Magne Sanden	1960	Byrknesøy
26. Samuel Staneviciute	2005	Dalsøyra
27. Reidar Bøe	1942	Furnes